

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: V. Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kvinesdal

Emne: Ballbrenning

Bygdelag:

Oppskr. av: Anner Arli

Gard:

(adresse): Kvinesdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

- 1 I vår bygd kalla ^{SVAR} dei bålet for eld.
(brise brising, brenne er ukjende ord.)
- 2 Det er ingen segner om at dei brende andre bål enn jonsokbålet på ein viss dag. Heile våren og foresommaren brann dei lyng ein eller fleire stader samstundes, var det tørt så kunne elden fara over store vedder og laga storbrann som dei tala om i år etterpå.
- 4 Det er ingen segner om at dei brende bål av ved i julehelga. Det var lite ved i vår bygd. Mange måtte kjøpa ved og dra han heim på kjelke for heia over 5 km. Då hadde dei ikkje ved å brenna opp i "sesonda"
- 5 Vi kjennes ikkje ordet "julelog"
- 6 Dei brende ikkje bål i påskehelga.
- 8 Dei brende bål jonsokafra over heile bygd. Dei brende ikkje stolseld, eller for krøtser og dreiv dei gjennom elden.

- 12 Dei tende jonsokbålet i skumunga, men var det mange born med "og vakte jonsok" så tende dei gjerne for.
- 13 Bålet brann aldri heile natta.
- 14 Dei hadde visse stader som dei brænde bål. Kvar gard eller grend hadde sin pølplass på ei høg hei dei kalla Jonsok-fjellit. Der var det fritt utsyn for ca 50 år sidan kunne ein sjå over 50 jonsokbål samstundes.
- 18 Alle var med og brænde bål både gamle og unge, gutar og gjenter og gifte kvinner.
- 21 Då ungdomslaga blei skipa for 40-50 år sidan, tok dei til å brænde jonsokbål.
- 23 På fleire gardar som blei avfolka for over 100 år sidan kan ein finna jonsokfjell med meir eller bål, fjellit har vore så oppheta at det har sprukke rundt. Når bålet var nedbrænt, slo dei på vatn for eldsfaren. Ein fekk inga steinlegging eller grøne av stein.
- 24 Dei brænde lyng og kvister. Det blei ikkje laga figurar i menneskeskapnad som skulle brunnast.
- 26 Dei kjøpte ikkje noho til bålet, men alle på garden skulle vera med

3

og yta noko til bålet eller festen.
Born og vaksne samlast gjerne
fleire dagar før jonsok-kvelden og seiv
lyng og bar fram. Turka lyng var
best. Den bar dei ofte lange vegar.
Jungen stal noko vyrke til bålet.
Gamle ting som låg og slong kunne
dei brenna heime i ønnen eller på
skorstønen.

- 30 Tradisjonen om dette held på å doy ut.
Jfor jonsokafte, var eg på eit gammalt
kjendt jonsokfull i bygda, men såg
ikkje ein eneste eld. Nå brennes
dei bål i dalbotnen like ved
hovudvegen.
- 31 Det var ei ære å ha stort jonsokbål,
det største i bygda. Folk lala om
det store bålet lenge etterpå. Det
skulle brenna med stor flamme og
ryka minst mogeleg
jonsokafte var ein fest som dei
andre store høytider. Ein gledde
seg til festen lang tid i forvegen. Til
festen høyrde smurde lefser og dravle,
hellekaker og gome. Dei gamle
fortalde for sin eigen barndom og
ungdom og dei unge sat og høyrde
på. Eg veit ingen stad dei hadde
alkohol ved bålet i eldre tid.
Det var mykje arbeid å skaffe fram
vyrke til bålet, vegane var både bratte
og tunge. Heiegordane blei nedlagte.
Folk fra dalen slutta med å
dra til heis for å brenna bål.

Skal ein ha bål nå, så må det vera like ved hovudvegen så ein kan bila rett til plassen. Det er slutt med å brenna lyng. Dei får heller eit billass med gamle tjæretynnes eller gamle båter og anna som brenn godt.

I dag er det helst religiøse foreningar som steller til jonsoktbål, med tale, song og musikk, som på eit bedehus. Den gamle skikken med jonsoktbål vil truleg døy heilt ut i framtida